

Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 1 - Januar 1974
7. årg.



I TRU OG TILBEDING

Av prost Lars Tjensvoll

Å Gud, kor du er underfull!
Der fatar ingen djupt og høgd,
forstanden må stå stille. —
Men trui opnar syn og sans
og hjarta anar himmelglans
i alt du med oss ville.

Ja Gud, kor du er underfull!
Det loddar ingen kløkt av klok,
det du i hjarta hyser.
Det tanken din har skapt og gjort,
den visdom i smått og stort
som kosmos gjennomlyser!

Me fell på kne og hyller deg.
Me lyfter hender, tilbed deg
og jublar deg i møte.
I audmjuk takk me samlar oss
her under Jesu Kristi kross.
Det var for oss han døydde.

Halleluja!

KYRKJELYSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna
Redaktør: Ingvar Fykse, Ytre Arna
Redaksjonsnemnd: Helge Hitland, Knut Brakestad
Harald Haugsvær, Tor Storerud, Gunlaug Bøyum
Forretningsfører: Thor Storerud, Indre Arna
Bladpengar kr. 12,- for året. Postgiro 31 04 44

Dagens Trykkeri, Bergen

ARNA PRESTEGJELD

Sokneprestkontoret, Indre Arna:

Kontortid tirsdag, onsdag, fredag kl. 10.00—11.30.
Torsdag kl. 17.30—19.00. Telefon 24 04 00.

Res. kap. kontoret, Ytre Arna:

Kontortid torsdag kl. 17.30—19.00. Fredag kl. 10.00
11.30, tlf. 24 13 25.

Adresser og telefonar:

Fung. sokneprest Ingvar Fykse, Gamleveien 8, Ytre Arna, tlf. 24 13 25.

Fung. res. kap. Helge Hitland, Høgatun 16, Indre Arna, tlf 24 09 65.

Diakonklokke Thor Storerud, Høgatun 8, Indre Arna, tlf. 24 03 42.

Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna, tlf. 24 16 06.

Kyrkjetenar Monrad Ulvesæther, tlf. 24 07 39, tirsdag og torsdag 17.00—18.00, onsdag og fredag 10.00—11.00.
Gravar Emil Dalset, Indre Arna, tlf. 24 05 69.

Organist Anker Rønhovde, Ytre Arna, tlf. 24 11 39.

Kyrkjetenar Eirik Arne, Ytre Arna, tlf. 24 12 30.

«VELT ALLE DINE VEIE»

Paul Gerhard — kjent som en av Tysklands fremste salmediktere — var prest i Berlin i det 17. århundre.

En gang hadde regjeringen utstedt en bafaling som gikk ut på kirkelig forening mellom lutheranere og reformerte. Paul Gerhard som verdsatte Luthers lære meget høyt, kunne for sin samvittighets skyld ikke følge regjeringens befaling. Men derved kom han i unåde hos fyrsten, så han ble avsatt og måtte forlate sitt embete. Likevel tapte han ikke motet. I tro og tillit til Gud reiste han med sin familie ut i verden for å finne noe å leve av. På denne reisen ble hans kone under oppholdet i en fremmed by så nedbøyd og overveldet av sorg at hun brast i gråt. Gerhard søkte på beste måte å trøste henne om Davids ord: — Sett din vei i Herrens hånd og stol på ham! Han skal gjøre det —. (Salme 37,5).

Men det var forgjeves. Hun maktet ikke å ta noen trøst til seg. Da gikk Gerhard ut i hagen for å være alene med Gud og tale med ham om det som lå ham på hjerte. Han satte seg, tok opp et ark papir av lommen og begynte å skrive — midt i naturens stille, høytidelige ro — salmen «Velt alle dine veie». Da Gerhard var ferdig med denne herlige, trøstefulle salmen, gikk han inn og leste den for sin kone. Salmen grep henne. Hun ble med ett roligere i sinnet, tårene stanset og hun besluttet å kaste all sin sorg og bekymring på Gud.

Jeg vet ikke hvordan du har det, eller om denne salmen noen gang har betydd noe for deg. Kanskje er du også bekymret eller engstelig for noe. Bekymringene kan jo ha så mange navn. Økonomiske bekymringer. Sykdom i familien. Sviktende helse. Alderdom. Eller du er bekymret fordi livet møter deg med krav og forventninger som du føler at du ikke er i stand til å oppfylle. Og kanskje spør du: Hva med vår fremtid og våre barns fremtid? Det er jo ikke bare lyse trekk i de fremtidsperspektiver som synes å avtegne seg for oss. Jeg er urolig og engstelig. Jeg vil jo håpe og tro det beste, men....

Og så ligger det og gnager.

All bekymring og engstelse har dypest sett sin rot i det velkjente menneskelige fenomen som heter følelse av avmakt, vårt manglende herredømme over vårt liv og vår livssituasjon.

Bibelen taler ofte om våre bekymringer. Den verken bortforklarer eller bagatelliserer dem. Men Guds ord viser oss en vei å gå med alt som trykker og plager oss, vår frykt, våre bekymringer, vår engstelse. Kort sagt: Vår avmakt. — Kast all eders sorg på ham! For han har omsorg for eder (1. Pet. 5,7). Og det var det enestående og grenseløst store i dette tilbudet som gikk opp for Paul Gerhard da han grep pennen sin og skrev denne salmen som formelig ånder av trygghet og tillit til Gud:

Velt alle dine veie Og all din hjertesorg

På ham som har i eie Den hele himlens borg.

Han som kan stormen binde Og bryte bølgen blå.

Han skal og veien finne Hvorpå din fot kan gå.

INGVAR FYKSE

MF-studenter på turne



Først i februar får vi i Arna vitjing frå Menighetsfakultetet (MF). Vi har bedt stud. theol. Aud Romslo frå Ytre Arna fortelje oss litt om føremålet med turneen, og ho seier det slik:

— Ved Det teologiske Menighetsfakultet i Oslo er vi nokså mange studentar frå Nordhordland. Ein del av oss, mellom andre tre frå Arna, kjem i tida 1.—10. februar å reise på turne i heimbygdene våre.

Føremålet med turneen er først og fremst å forkynne Guds ord. Det livsens ord som ber bod om frelse og fridom, Ordet om Guds kjærleik som han viste ved Jesu Kristi kome til jord og ved hans død oppstode.

Det er dette ordet som vi som kristendom- og teologistudentar på ein særleg måte får høve til å lære og

På bildet ser vi, ståande frå venstre: Nils Arne Lavik, Sven Harald Nilsen, Øystein Skauge, Ivar Molde. Fremste rekke frå venstre: Ingvild Skår, Aud Romslo, Kari Leine.

kjenne, og vi vil vere med å gje det vidare. Dessutan vil vi og på turneen vår formidle kontakt mellom MF og kyrkjelydane, fortelje litt om tilhøva på MF, om studium og miljø.

Fakultetet sin økonomi er for det meste basert på frivillige gaver frå kyrkjelydane. Rett nok får vi noko statsstønad, men det er på langt nær nok til å dekke utgiftene. Difor er vi nøydde til å lite på den einskilde gjevaren, og vi vonar at møta våre vil bringe inn kjærkomne midlar til MF sitt arbeid.

Fakultetet har ikkje berre dei vanlege driftsutgiftene, men også ei stor gjeld etter at nytt bygg blei reist og tatt i bruk hausten 1972.

Vi kjem til å starte turneen vår fredag 1. februar med møte i Ytre Arna kyrkje kl. 19.30. Vi kjem attende til Arna 9. februar. Då blir vi først på Arna Helseheim om ettermiddagen, og om kvelden blir det

samling for ungdom i kyrkja kl. 19.00. Søndag 10. februar tar vi del ved gudstenesta i Haus kyrkje og om kvelden skipar vi til møte i Trengerid bedehus. Elles viser vi til kunnjingering her i bladet og til plakatar om møta.

Vi vil så ynskje dykk alle hjarteleg velkomne til samlingane våre, og vonar at turneen vil bli til Guds ære.

Taparen

Eg og 'an Andal, Sæbjødn Svandal og Little-Bår i Åsen og eg drog på helgetripp til fjells ein dag på fyre-jolsvetteren. Regn og vind hadde me med oss heimanfrå — i Eikjedalen møtte me snøen. Det var mannstemna me drog til, men for oss og høvde det godt å få stiga inn i varm fjellstova på Kvamskogen ilag med frendar frå heile Hordaland, frå Etne, Ølen i sør til Masfjorden i nord. Frå Arna var med 6 mann. All slags folk møttest her. Nokre prestar var og med. Innslag av eldre årgangar, men dei fleste var moderne ungdomsprestar. Lærarar, bønder, arbeidsfolk. Ein lækjar frå Storen, ein universitetslærer og forskar og ein flokk «taparar» frå Skogliheimen som streva i og med si synd. Dei andre helst «bra folk» med solid kristeleg status. Ho Solveig Christov frå Drammen kunne difor knapt nytta sine spitord om denne flokken — ifall ho hadde set oss — og kalla oss den «hvite flokk» der ingen lenger åtte korkje sorg eller lengt. Sume var kjende frå før, andre såg einannan for fyrste gong. Men det hadde mest ingenting å segja — me

var på bylgjelengde med einannan alle. Bordsætane var feststunder og kveldssamveret mykje oppbyggjelt. Det var mest som me livde oppatt Oxfordtidi frå 30-åri då dei praktiserte «deling». Ein lækjar, ein lærar og so ein av «taparane». Dei fylgde Jakob sitt gode råd: Sanna då syndene dykkar for kvarandre og bed for kvarandre, so de kann verta lækte. Læraren om vegen sin frå Garnes til Kvandal, om alle svingane og krokane sine på Skuggestrandi og til i dag då han hadde hamna på Kvamskogen. Vegen sin vidare frammyver til Kvandal laut han få gøyma til sidan ein gong. Lækjaren mest om si ungdomstid, «taparen» om sine tap og sin nyvundne siger.

Ved ei bordsæta etterpå hamna eg ilag med framande folk ved nytt bord. Eg laut spyrja sidemannen mim om namn og heimstad. «Fødd osing, men no fanabu». «Kva tykte du om karane, kven tåla sterkast til deg?» «Den siste,», svara han.

Men er det ikkje helst soleis at me er taparar alle ihop? Ja, soleis om lag datt ordi mine meg or munn

helst for å røkja etter om eg fann snev av den vonde åndi Herren vår refsar so hardt i L. 18. Men eg fann ikkje det eg leita etter. For med si klåre Os-tunga tona han mot meg: «Sant og visst — me er taparar alle».

Sidan har det klunge i øyro mine dette moderne umgripet: Tapar. Me høyrde det frå skulane våre, frå Skogliheimen dei var lette å peika ut or flokken vaks for kvart eit år. Og no har me hamna der alle.

Sidan strøymde det fram ei velsig-ning av glde og samfunn imillom oss. Me såg på einannan med Kristi augo. Sidan lyt eg undra meg yver korleis det hang ihop at eg etterpå nynna so på ein gamal samlingssong eg høyrde som gut. Songen om «Klippen». Den vart ikkje sunge på Kvamskogen. Der har dei både salmebok og liturgi med frå byn, men med sitt einfelde kann han framleis vera til trøyst og hjelp for ein tapar.

Du evige «klippe», hjå deg er det ly.
Til deg i mi trengsla og tvil vil eg fly
Om einsam og vesal — so trøystar du meg
eg kjem til deg, eg kjem til deg.
Du evige «Klippe» no kjem eg til deg.

I gleda, i trengsla, i liv og i død
i armod og sjukdom, i angst og i nød
Når redsla og vondskap vil taka på meg —
Då evige «Klippe» — då kjem eg til deg.

Kor ljost er vel livet frå fjellborgi her.
Kor sælt, kjære Jesus, at eg fann inn der.
Om alt verte ombytt, om alt vil forgå,
Eg kviler i «Klippen», den evigt vil stå.

So ofte i livet eg tyr til mi borg,
Når naudi vert stor, gret eg ut der mi sorg.
Når kveldsklokka kallar til kvila for meg,
Du evige «Klippe», eg kviler i deg.

E.T.



«Størst er å få oppleve å bli brukt av Gud»

sier Nils Kvamstø som no takkar av etter 35 års teneste som klokkar ved Ytre Arna kyrkje.

Ved høgmesse 1. nyttårsdag tok Nils Kvamstø formelt avskil som klokkar ved Ytre Arna kyrkje. Då hadde han vore i tenesta sidan hausten 1938 altså omlag 35 år.

Ein dag utpå nyåret ringde vi på døra heime hjå Kvamstø for å få oss ein prat med «gamleklokkaren» som han no må finna seg i å bli kalla. Han var ikkje inne, men kona, ho Sygni, let opp og tok hjarteleg mot oss med sitt lune smil.

— Han Nilds er ute og arbeider i hagen, han er slik at han må vere i aktivitet, han, veit de, — seier ho.

Ei lita stund etter er vi samla kring bordet i den koselege stova deira, og praten går muntert kring ein kopp kaffi.

— Korleis hadde det seg at du vart klokkar i Ytre Arna?

— Ja, den gongen i 1938 var ikkje det offisielle namnet på denne

tenesta klokkar, men kyrkjeson- gar. Vi hadde ikkje organist til kvar teneste i kyrkja då, og difor måtte klokkaren leie kyrkjelyden både gjennom salmesong og liturgi. Eg har alltid vore glad i song og musikk, og særleg glad i vår salmeskatt og salmemelodiane. Ein lærar sa ein gong til meg: Du lyt øve deg mykje om du skal bli kyrkjesongar i Nidarosdomen! Det vart eg no ikkje, ikkje i Nidarosdomen, men i Ytre Arna, heimbygda mi.

I 1938 vart stillinga kunngjort ledig, og eg søkte. Det var ikkje noko enkelt val. Eg kjende meg liten og uverdig, tykte det var så altfor mykje for meg. Det avgjerande vart at eg kjende denne oppgåva som eit kall frå Gud.

— Var det ikkje så at klokkarstillinga var kombinert med lærarstilling då du søkte?

— Jau, det er rett. Klokkarstillinga var lagd til ein lærarpost. Og det varde for så vidt heilt til eg slutta som lærar i Ytre Arna i 1968.

— Korleis har du likt tenesta?

— Det er i grunnen eit enkelt spørsmål å svara på, seier Kvamstø, og smiler.

— Det har vore ei rik tid og ei rik tenesta. Eg har gledt meg til oppgåvene og følt Guds velsigning i arbeidet. Ikkje så at det ikkje også har vore tunge dagar, og vonbrot har ein opplevd. Men alt i alt: Det har vore stort å få vere med. Eg angar ikkje på at eg vart klokkar. Og så ein ting til må eg få nemne: Samfunnet og fellesskapet med dei andre tenarane i kyrkjelyden. Eg ville ikkje vore det forutan. Eg har mange rike og gode minne frå det.

— Kva tykkjer du har vore det gildaste ved klokkartenesta?

— Eg har følt det slik at dette var ein liten flekk i Herrens vingard som

var meg betrudd, og som eg ved Guds hjelp har nåde til å ta vare på. Det største som finst er å få oppleve å bli brukt av Gud, å få vere — om enn ein liten — reiskap i hans hånd.

— Om du no skulle få seie nokre ord til folket og kyrkjelyden i Ytre Arna, kva skulle så det vere?

— Ja, det måtte bli ei oppfordring: Slutt opp om gudstenesta. Forsøm ikkje samlinga om Guds ord. Det vil gle både prest og klokkar. Men det er slett ikkje det viktigaste. Vi treng å samlast i Guds hus, om ord og sakrament, vi treng det for vår eigen del. La ikkje di plass i kyrkjebenken stå tom når klokkene kallar!

Og til tenarane ville eg gjerne seie: Hald ut i tenesta og bli ikkje trøytt, for truskapen løner Gud med velsigning!

IF

Bedehuset i Indre Arna

Det går fram med byggearbeidet på bedehuset i Indre Arna. Første høgda er innreidd til dagheim, og verksemda starta opp tidleg i haust.

Men enno står mykje arbeid att. Det gjeld innreiding og målararbeid i 2. høgda. Vi vonar likevel at småsalen om ikkje altfor lenge kan takast i bruk.

Det er eit stort løft for ei bygd å reise eit slikt hus. Tidlegare i år sende vi ut ei orientering om bygginga og ein postgiroblankett. Vi er glade over at mange ser positivt på denne saka.

Vi vil med dette få takka alle så hjarteleg som har sendt si gåve. Samtidig må vi få nemna at det enno trengst mange pengar før bedehuset står ferdig innreidd og utstyrt. For dei som enno ikkje har sendt si gåve minner vi om at det framleis er høve til å gjera det, og vi seier på førehand takk.

Gåve til bedehuset kan sendast til postgiro nr. 34.88.37, Arna Privatbank konto 8440.21.00108 eller Haus Sparebank konto 3633.50.75751.

Indre Arna Indremisjon
Innsamlingsnemnda

Ungdomsside



Vi har fått eit lesarbrev frå ein «ten-åring som ikkje likar strenge bud». Elevar frå ein 9.-klasse ved Garnes ungdomsskule fekk i oppdrag å svare på brevet. Brevet vi fekk lydte slik:

Eg har lenge lurt på kvifor vi har alle disse buda i kristendommen. Er Gud så streng at han ikkje tillet noen ting? Eg har alltid trudd at Gud var kjærleg og god, og at han har omsorg for oss. Derfor forstår eg ikkje vitsen med alle disse strenge buda. Kan de hjelpe meg med desse problema mine? Det eg ynskjer å få svar på er: Kvifor har vi alle dess buda? Kvifor har ein kjærleg og god Gud gitt oss så strenge bud?

Med helsing
Ten-åring som ikkje likar
strenge bud.

Vi tek med noen av svara.

Kjære «ten-åring som ikkje likar strenge bud».

Eg skal innrømme at det ikkje alltid er like lett å forstå kvifor vi skal ha desse strenge buda. Men, husk på at det berre har vore eit menneske som har vore fullkommen. Det er Jesus Kristus. Alle andre menneske har synda mot Gud og brote buda. Buda er gitt som ei rettesnor for menneska. Dei er ei hjelp til å leva på ein rett måte. Klarar vi ikkje å halda buda får vi tilgjeving av Gud, dersom vi angrar og ber om tilgjeving. Altså: Buda er gitt menneska som ei

rettesnor og eit vern om livet. Dei er også eit mål å arbeida mot.

Med helsing
Ein annan ten-åring.

Kjære «ten-åring som ikkje likar strenge bud».

Som svar på brevet ditt skal eg begynna med det første spørsmålet. Kvifor har vi desse buda?

Min oppfatning er at utan dei hadde det ikkje gått an å leva i tryggleik. Vi kunne ha drept, stole, ført menneske i den verste ulykka dersom vi ikkje hadde hatt desse buda. Der er berre så synd at menneska som har høyrte om kristendommen og kjenner dei 10 buda, krigar og drep som om desse aldri skulle ha vore til.

Du spør kvifor vi har desse buda. Eg spør: Kva skulle vi ha gjort utan dei.

Kvifor har ein kjærleik og god Gud gitt så strenge bud? Etter det eg har forstått er det fordi han elsker oss. Det høyrer rart ut, men dersom vi samanliknar foreldra våre med Gud, så elsker dei oss sjølv om vi ofte synest dei er strenge. Men dette er fordi dei er glade i oss og vil oss berre vel. Hadde dei ikkje vore glade i oss, hadde dei heller ikkje brydd seg om kva vi dreiv på med. Til sjuande og sist er det vi som nyt godt av desse buda. Dei er eit vern om livet vårt og ei hjelp til å leve rett. Vi ser at Gud meiner det berre godt med desse buda.

Med helsing
ungdomsskoleelev

Barneside



TAKK

Dette vesle ordet har du nok brukt mykje i julehelga. Du har sikkert fått mange fine julegåver som du har takka for, mykje god mat, nye klede osv. Eller- gløymde du kanskje midt i alt det vesle takk?

Det står eit fint ord i Bibelen om det å takka. I 1. Tess. 5, 18 står det slik: «Takka for alle ting. For det er Guds vilje i Jesus Kristus til dykk». Det kostar så lite å seia takk, men det betyr så mykje for dei som gjev deg noko. Aller mest må vi takka Gud for alt vi har og får. Lat oss også hugsa på at det ikkje er sjølv-sagt at vi i Noreg skal ha det så godt, medan folk andre stader i verda lever i stor fattigdom på alle måtar.

Takka Gud for alt, men mest for Guds julegåve til oss: Jesus Kristus.

Denne takkebøna som står i «Mi

kyrkjebok», kan kanskje vera ei fin hjelp for deg. Ho lyder slik:

Gud,

lær meg å takka

for det eg har

i staden for å vera trist

for det eg ikkje har.

Takk, Gud, for maten

og kleida

og leikene

og senga

og sykkelen

og heimen

og TV'n

og radioen

og mor

og far

og DEG

i Jesus Kristus. Amen

Helsing

Gunnlaug Bøyum

SKAL DET VERA

markiser, persienner og rullegardiner i mange vakre fargar, så vend Dykk til meg. Eg har også flaggstenger, skyvestigar, enkle stigar med flate trinn og kletørkestativ som eg sel direkte frå fabrikk. Difor rimelege prisar.

Ring meg, og eg kjem og tek mål og gjev pris.

Magnus Borge

5233 Haukeland — Telefon 24 00 21

Familieside



ARNA SOKN:

Døypte:

- 25.11. Iselin, foreldre: Per Magne Krossen—Berit Ingeborg, f. Dagestad (Voss)
- 02.12. Silje, foreldre: Hans Martin Svarstad—Eli, f. Solhaug
- 02.12. Jarle, foreldre: Alv Børve—Aud Marit, f. Eide
- 08.12. Geir, foreldre: Jan Otto Fanebust—Marit, f. Johannesen
- 08.12. Erik John, foreldre: Jan Geirvin Høysæter—Mary Jennifer, f. Cooke
- 08.12. Terje, foreldre: Kjell Nettet—Torild Margrethe, f. Bjergene
- 09.12. Tiril Inger, foreldre: Trond Østerbø—Turid Helene Bjørkholt
- 09.12. Stein Ove, foreldre: Kjell Ove Wærn Hernes—Unny Kristine, f. Øybø
- 23.12. Ingvild, foreldre: Arve Moen—Elisabeth Helene, f. Bjelland (Birkeland)
- 24.12. Yngve, foreldre: Bent Yngve Paulsen—Bjørg, f. Stavland
- 25.12. Gudmund, foreldre: Nils Andreas Mæland—Liv Borghild, f. Træbakken
- 25.12. Nils Axel, foreldre: Terje Audun Høysæter—Grete Bergitte, f. Lamo (Ådland)
- 28.12. John Olav, foreldre: Lars Tjelle—Oddrun Julie, f. Aksdal (Haugesund)
- 30.12. Gry, foreldre: Olaf Nese—Bergljot Judith, f. Bechstrøm
- 30.12. Kristine, foreldre: Andreas Takvam—Aslaug, f. Kvarekvål
- 30.12. Synnøve Margrete, foreldre: Bjarne Bøe—Bjørg Ingrid, f. Vangsnes
- 01.01. Renate, foreldre: Jan Erik Schjeldrup—Jorid Helga, f. Langøy (Nordvik)
- 06.01. Jorunn Kristin, foreldre: Asbjørn Rune Aa—Liv Eldbjørg, f. Øksendal

Vigde:

- 20.10. Karstein Løvaas og Gunn Bjørnestad
- 20.10. Jan Ove Holmen og Tove Blytt
- 27.10. Malvin Osvald Klementsens og Snefrid Rutt Sætre
- 10.11. Arne Magne Nåmdal og Astrid Konstanse Bruvik
- 17.11. Georg Claussen og Kari Garvik (Mariakirken)
- 24.11. Erling Kvamme og Unni Grytdal
- 30.11. Rune Vassdal og Erna Dorthea Grane
- 08.12. Finn Helge Rosvold og Anna Rådmannsøy
- 08.12. Terje Henriksen og Anne Grethe Pedersen
- 15.12. Magnus Skjoldal og Åse Akselberg

Familieside



29.12. Helge Helgesen og Randi Marion Trefall

Avlidne:

- 27.10. Hanna Sofie Arnetveit, født 1892
02.11. Bernt Karlsen, født 1890
05.11. Ivar Mjelde, født 1901
08.11. Marie Stalheim, født 1900
09.11. Karin Eide, født 1933
11.11. Borghild Borge, født 1907
02.12. Dagmar Kathinka Berg, f. 1893
10.12. Jon Sjursæter, f. 1908
11.12. Johan Kristoffer Rygg, f. 1896
17.12. Ancher Jarmann Leonard Iversen, f. 1907
22.12. Inge Aakre, f. 1902
31.12. Katrine Skjerping, f. 1888

YTRE ARNA SOKN

Døpte:

- 25.11. Kjetil, foreldre: Geir Martin Stensrud—Kirsten, f. Stensrud (Sund)
02.12. Jan, foreldre: Nils Per Lidtun—Ingeborg Marie, f. Ryum
24.12. Øystein, foreldre: Svein Olav Leiknes—Jorunn, f. Vatlø

Vigde:

- 08.12. Steinar Kjøsnes og Gerd Nævdal
29.12. Leif Bjørn Karlsen og Kirsten Aud Hylseng (Mariakirken)
05.01. Torbjørn Ellingsen og Mary Kallekleiv

Avlidne:

- 27.12. John Gustav Kalland, f. 1924

La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.
Velkommen til en hyggelig prat
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

INSPEKTØR OTTO HAUKELAND

FORSIKRINGSAKTIESELSKAPET  LIVSFORSIKRINGSSKAPET
VESTA HYGGEA

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 240700

I MIN FORRETNING
finn De gaver til bryllup, konfirmasjon
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 240496

« F O K U S »

Espeland

(Lone Landhandel)

Hele bygdas lavprisbutikk.

Manuell kjøttvareavdeling
med nye knalltilbud hver uke.
(Middagspølse i metervis.)

På sykkel, bil eller buss, ikke stuss, legg turen
direkte til «Fokus».

OBS. Torsdag åpent til kl. 19.00.



Vår mann i Arna

KÅRE FYLLINGEN

har forsikring som yrke. Han kan alt i forsikring,
og står til tjeneste med råd og veiledning.

Storebrand og Idun

Postboks 162, 5230 Espeland — Telefon 241532

Espeland Begravelsesbyrå

Telefon 240808

Begravelser og bisettelser ordnes
Transport med egen bil
Annonser, sanger, sløyfer
Monumenter besørgeres oppsatt

Espeland Gartneri

Telefon 240809

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 232050

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 232050

Alltid til tjeneste

ARNA PRIVATBANK

Banken i Arna — for Arna-folk,
der alle kundar, store som små,
er hjarteleg velkomne.

ARNA PRIVATBANK

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning
Hugs at vi har laveste pris,
og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA VAREALG A/S

Ytre Arna — telefon 241188

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

EL-KJØP

Velkommen til kyrkje ✠

- 20.01. Arna: fung. sokneprest Fykse
Ytre Arna: fung. res. kap. Hitland
- 27.01. Arna: fung. res. kap. Hitland
Kl. 19.00 ungdomsgudsteneste ved Hitland. Nattverd.
- 01.02. Ytre Arna: Møte i kyrkja kl. 19.30 ved studentar frå Menighets-
fakultetet og fung. sokneprest Fykse.
- 03.02. Arna: sokneprest Tesdal. Nattverd.
Ytre Arna: fung. res. kap. Hitland. Nattverd.
Trengeid: fung. sokneprest Fykse. Nattverd.
- 09.02. Arna: Kl. 19.00 ungdomsmøte i kyrkja ved studentar frå Me-
nighetsfakultetet og fung. res. kap. Hitland.
- 10.02. Arna: fung. res. kap. Hitland.
Ytre Arna: fung. sokneprest Fykse.
Kl. 19.00 ungdomsgudsteneste ved Fykse.
- 17.02. Arna: fung. sokneprest Fykse.
Ytre Arna: fung. res. kap. Hitland.
- 24.02. Arna: fung. sokneprest Fykse.

Barneparkering under gudstenesta i Indre Arna

For mange foreldre med små born kan det vere vanskeleg å kome til gudstenesta om søndagen. Soknerådet har lenge vore klar over trongen for ei ordning med barneparkering under høgmissa om søndagane.

Det er ei glede for oss å kunne fortelje at vi no har funne ei løysing med dette, i det nokre av personalet ved kyrkjelyden sin dagheim har sagt seg villige til å ta imot småborna og passe dei medan foreldra er i kyrkja.

Ved dagheimen får borna det aller beste pass, og foreldra skal vita at borna er i trygge hender der.

Så vonar vi at rett mange vil nytte seg av dette tilbodet.